



«Heime-aleine-fest»

Ei novelle av Terje Torkildsen, del ein


Oppdraget

I løpet av dei neste vekene skal de skrive og formidle ei digital forteljing i eit format som kan fungere som ei instagramforteljing. Klassa skal dikte vidare på novella «Heimealeine-fest» av Terje Torkildsen og bruke ho som eit utgangspunkt for tekstskapinga.

NYNORSKSENTERET

Før vi går i gang: Kva kan ei digital forteljing vere?

Dette blir mellom oss av Alexander Kielland Krag er den første instagramromanen som er gjeven ut i Noreg. Vi skal ikkje lese romanen, men vi skal bruke han for å få kunnskapar om kva ei digital historie kan vere.



Om instagramromanen *Dette blir mellom oss*

Samtal med læringspartnaren din i to minutt:

Kva trur du ein instagramroman er?

Les denne teksten:

[Gyldendal har vunne pris for ungdomsromanen «Dette blir mellom oss», som blei lansert på Instagram – NRK Kultur og underholdning](#)

Forklar kvarandre kva ein instagramroman er.

Skriv minst tre, maks fem setningar:

Oppbygging, *Dette blir mellom oss* som døme

Bla deg gjennom dei to første kapitla i
Dette blir mellom oss på Instagram:

- Kor mange sider er kvart kapittel sett saman av?
- Kva element (film, bilete, lyd, tekst) finn de på dei ulike sidene?
- Kva rekkjefølgje kjem dei ulike elementa i?
- Kor mykje tekst (kor mange ord) er det på kvar tekstsida?



Refleksjonsspørsmål

«For å møte utfordringa med at stadig færre unge les, bestemte Gyldendal seg for å lansere bok på Instagram.» står det i artikkelen frå NRK.

- Trur de at fleire ungdomar vil lese bøker om dei vert publiserte som digitale forteljingar?
- Kva tenkjer de om denne måten å fortelje historier på?
- Kva slags moglegheiter gjev det digitale formatet som papiret ikkje gjev?



Oppdraget

I løpet av dei neste vekene skal de skrive og formidle ei digital forteljing i eit format som kan fungere som ei instagramforteljing. Klassa skal dikte vidare på novella «Heimealeine-fest» av Terje Torkildsen og bruke ho som eit utgangspunkt for tekstskapinga.

NYNORSKSENTERET

Nytt tekstopppdrag		Frist for å levere inn den samansette teksten til læraren dykkar
<i>Oppdraget varer i 2 veker.</i>	De får utlevert starten av novella «Heimealeine-fest». Skriv vidare på tekstutdraget til Torkildsen. Teksten de skriv, formidlar de gjennom levande bilete, dramatisering og musikk.	
<i>Oppdraget varer i 1 veke.</i>	De får utlevert ein ny del av novella. Skriv vidare på tekstutdraget til Torkildsen, eller skriv vidare på dykkar eigen tekst. Presenter tekstutdraget gjennom levande bilete, dramatisering og musikk.	
<i>Oppdraget varer i 1 veke.</i>	De får utlevert ein ny del av novella og det siste tekstopppdraget. Skriv vidare på novella til Torkildsen, eller skriv vidare på dykkar eigen tekst. Presenter tekstutdraget gjennom levande bilete, dramatisering og musikk.	

Kva assosiasjonar får
du når du les
novelletittelen?

Fire minutt:

Bruk post it-lappar og
skriv ned alle orda og
setningane du kjem på
når du høyrer tittelen.

«Heime-aleine-fest»

Fest lappane til
tavla når du er
ferdig. Samtal om
assosiasjonane i
klassa.

To og to saman:

a) Kva **trur du** novella kjem til å handle om?

b) Kva **håpar du** at novella handlar om?

c) Kva **håpar du ikkje** at novella handlar om?

Hugs å grunngje synspunkta dine.

To og to saman:

a) Har de lese noveller før?

b) Veit de kva som
kjenneteiknar
novellesjangeren?

Om ikkje: Slå opp i norskboka
dykkar eller søk etter
informasjon om sjangeren på
Internett.

Lytteoppdrag – «Heime-aleine-fest», del ein

a) Høyr gjennom lydfila ein gong. Konsentrer deg om å lytte godt.

b) Den andre gongen du høyrer tekstutdraget, skal du svare skriftleg på spørsmål 1–3.

To og to saman: Samanlikn svara dykkar og fyll dei ut.

c) **To og to:** Les tekstutdraget høgt for kvarandre. Diskuter kva slags inntrykk de får av dei ulike personane i novella.



1. **Kva for personar** møter du i tekstutdraget?
2. **Kva får du vite** om personane?
3. **Kvar og når** går handlinga føre seg?



Slik slutta det siste avsnittet i
novelleutdraget:

Han går med stødige steg ut på gata og rundar hjørnet, men så stoppar han plutseleg opp og blir ståande og lytta. Vrir på nakken og speidar nedover gata. Ingen å sjå. Skimtar berre delvis nedsnødde bilar og gatelys som kavar med å kasta tilstrekkeleg med lys ut i den kolsvarte kvelden. Ei vinternatt kan ikkje bli så mykje mørkare enn denne kjem til å bli.



Skriveoppdraget

To og to saman: De skal no skrive vidare på novella. Det treng ikkje å vere så langt, ca. 150–200 ord. Seinare i veka skal de formidle teksten gjennom levande bilete og musikk. De skal ikkje avslutte novella, men skrive den fyrste av tre delar ferdig.

Tekstskapingsoppdrag

– del ein

De skal skrive vidare på novella av Terje Torkildsen. De skal skrive saman i grupper på to og to.

Før de startar å skrive, må de diskutere og planleggje kva de vil skal skje i forteljinga.

Bruk skriveramma som planleggingsverktøy og fyll ho ut med stikkord og setningar.

Kven vil de ha med i novella?	Kvar skjer hendinga?	Når skjer hendinga?

Kva skal novella handle om? (Skriv nokre stikkord om kva de ser føre dykk)

Innleiing Denne har Terje Torkildsen allereie skrive. Kva tenkjer de er prosjektet i novella?

Midtdel, den lengste delen (Her utviklar prosjektet seg mot eit slags høgdepunkt)	
Den første hendinga i midtdelen Kva skjer vidare denne vinternatta?	Den andre hendinga i midtdelen Kva skjer deretter? Kva fører det til? Bygg forteljinga opp mot ein spenningstopp.

Vendepunkt, mot slutten av novella (Noko overraskande skjer i spenningstoppen. Kanskje det motsette av det vi ventar.)

Avslutning, det som skjer etter vendepunktet Kva skjer med hovudpersonen etter vendepunktet? I noveller har vi ofte ein litt open slutt. Det vil seie at lesaren kan lure litt på kva som vil skje vidare

Tekstskapingsoppdrag – del ein

Når de har fylt ut skriveramma, skal de skrive vidare på innleiinga. De skal ikkje skrive ferdig novella, men skrive den første av tre delar.

Støttespørsmål:

- Kva slags **karaktarar** skal vere med?
- Kvar skal handlinga utspele seg?
- Kva skal vere **prosjektet** i forteljinga?
- Kva skjer i denne delen av forteljinga?
- Korleis kan de avslutte tekstutdraget på ein spennande måte slik at lesaren får lyst til å lese/sjå vidare?

Kven vil de ha med i novella?	Kvar skjer hendinga?	Når skjer hendinga?

Kva skal novella handle om?
(Skriv nokre stikkord om kva de ser føre dykk)

Innleiing
Denne har Terje Torkildsen allereie skrive. Kva tenkjer de er prosjektet i novella?

Middtel, den lengste delen
(Her utviklar prosjektet seg mot eit slags høgdepunkt)

Den første hendinga i midtdelen Kva skjer vidare denne vinternatta?	Den andre hendinga i midtdelen Kva skjer deretter? Kva rører det til? Bygg forteljinga opp mot ein spenningstopp.
Første oppdrag	Andre oppdrag

Vendepunkt, mot slutten av novella
(Noko overraskande skjer i spenningstoppen. Kanskje det motsette av det vi ventar.)

Tredje oppdrag


Avslutning, det som skjer etter vendepunktet
Kva skjer med hovudpersonen etter vendepunktet?
I noveller har vi ofte ein litt open slutt. Det vil seie at lesaren kan lure litt på kva som vil skje vidare

Forteljemåte

Legg merke til korleis teksten til Torkildsen er skriven.

- Korleis startar han novella?
- Korleis vekslar han mellom tankereferat, skildringar og replikkar?

Les meir om dei ulike forteljemåtane i norskboka dykkar, og diskuter kva slags forteljemåtar de vil bruke eller veksle mellom i teksten dykkar.

A black smartphone is shown from a top-down perspective, lying on a light-colored wooden surface. The screen is a uniform light blue color and contains black text. The text is left-aligned and reads: "Når de er ferdige med å skrive den fyrste tekstdelen, skal de formidle han gjennom levande bilete/dramatisering /musikk. Sjå døme på korleis de kan gjere det her." The word "her" is underlined in red.

Når de er ferdige med å skrive den fyrste tekstdelen, skal de formidle han gjennom levande bilete/dramatisering /musikk. Sjå døme på korleis de kan gjere det her.

Å formidle tekst gjennom levande bilete og musikk

Tekstskapingsoppdrag – del ein

- Kva bør de tenkje på når de skal formidle teksten som **ein samansett tekst**? Slå opp i læreboka dykkar og gå gjennom punkta som forklarar korleis lyd, bilete og tekstutdrag kan formidlast på ein estetisk og effektiv måte.
- **Samtalespørsmål:** Kva slags seriar, filmar eller musikkvideoar synest du fortel forteljingar på ein god måte? Kva grep har blitt gjort når det gjeld kameravinkel, fokus, biletutsnitt og musikkval?

Å visualisere den skriftlege teksten

Når de skal gjere den skriftlege teksten om til ein samansett tekst, er det viktig at de kan grunngje vala de tek, og bruke eit fagspråk i forklaringa dykkar.

Hjelpespørsmål som de kan bruke undervegs i utforminga av den samansette teksten:

- Kvifor har vi valt å setje saman dei ulike elementa (tekstutdrag, levande bilete, musikk) på denne måten?
- Kva slags verkemiddel har vi teke i bruk for å formidle forteljinga på ein best mogleg måte?
Døme på faglege omgrep som de kan bruke i grunngjevinga, er visuelle verkemiddel, auditive verkemiddel, språklege verkemiddel, visuelle/auditive/språklege element, biletutsnitt, kamerarørsle, biletvinkel, perspektiv, osb.

Presentasjon og medelevrespons

- Presenter dei samansette tekstane dykkar for resten av klassa, og forklar og grunngje dei ulike vala de har teke.
- Lat medelevane gje dykk tilbakemelding på **kva som fungerte godt med den samansette teksten**. Når de gjev kvarandre tilbakemelding, er det viktig at de brukar eit fagspråk, og at de grunngjev synspunkta dykkar.